

Nei til meir kraftutbygging i Jostedalen

Underteikna reiselivsverksemdar i Jostedalen seier eit kraftig nei til Statkraft sin konsesjonssøknad om å byggje ut og turrleggje dei siste frittrennande elvane på vestsida av dalen og restvatnet i alt utbygde Vigdøla.

Me viser her til den framlagde fagrapporten om konsekvensane for reiselivet i Jostedalen av desse planlagde naturinngrepa. Rapporten konkluderer med både store og middels store negative konsekvensar for friluftsliv, reiseliv og turisme av dei tiltaka og inngrepa som utbyggingsplanane inneber.

Aktivitetsbedriftene i Jostedalen oppmodar NVE om å ta tilrådingane i rapporten på alvor, og ikkje gjere som Statkraft prøvde på folkemøtet i Jostedalen tidlegare i sommar, nemleg å bagatellisere og avfeie konklusjonane i rapporten om at reiseliv, friluftsliv og 'merkevara Jostedalen' blir skadelidande av dei store naturinngrepa i dalføret vårt.

Jostedalen som reisemål har målmedvite gjennom mange år satsa på og bygd opp naturbaserte aktivitetar sommar og vinter og er i dag ein av dei mest attraktive stadene i Fjord-Noreg for folk som søker opplevingar og aktivitetar i fri natur. Lokalsamfunnet i Jostedalen tilbyr varierte aktivitetar som brevandring, fjellturar, kajakkpadling, rafting og elvejuving om sommaren og toppturar på ski, klatring i fosseis, skredkurs og isgrotteturar om vinteren.

Med Jostedalsbreen Nasjonalpark og Breheimen Nasjonalpark som nære naboar har me eit særskild ansvar for å ta vare på natur- og kulturmiljøet, landskapsverdiane og ikkje minst dei siste elvane som enno renn fritt på vestsida av Jostedalen. Dette er og eit mykje brukt turområde for dei fastbuande i bygda, både

sommar og vinter, og det å ha eit urørt turterreng er viktig for nærfriluftsliv, trivsel og folkehelse.

Jostedalen som naturbasert reisemål er viktig for heile Sogneregionen, om lag 70 prosent av dei 50 000–60 000 som vitjar dalen kvart år overnattar utanfor Jostedalen. Granskingar viser og at den urørte naturen og landskapet med tilhøyrande aktivitetar og opplevingar er den viktigaste årsaka for å vitje Sogneregionen. Ei kraftutbygging vil gjere Jostedalen med sine unike landskapskvalitetar fattigare på opplevingar, redusere omdøme og staididentitet og som reisemål blir det mindre attraktivt.

Naturbasert reiseliv har i lengre tid vore ei vekstnæring, også i Luster. Turistar frå fjern og nær kjem til oss nettopp på grunn av den mektige naturen: fjordane, breane og fjella og dei søker ro og stille i dette landskapsrommet. I eit framtidsperspektiv er det difor viktig å ta vare på naturgrunnlaget for denne type reiseliv og turisme også i vårt område, ikkje minst for å styrke lokal verdiskaping, skape arbeidsplassar og halde oppe busetnad og lokalsamfunn.

Å måle dei nøyaktige konsekvensane av kraftutbygginga for reiseliv og friluftsliv er sjølvsagt ikkje mogleg. For 25 år sidan kunne knapt nokon sjå føre seg korleis reiselivet i Jostedalen ville sjå ut. I dag er Jostedalen eit attraktivt reisemål med mange ulike aktivitetar og både breføring, kajakturar og rafting, skredkurs og toppturar på ski og andre vinteraktivitetar har fått eit omfang det ikkje var mogleg å sjå føre seg den gongen. Ser ein 25 år fram, vil heller ingen i dag kunne vite sikkert korleis reiselivsnæringa vil sjå ut. Men ser ein på trendar og tendensar i utlandet, er det sannsynleg at den største veksten innan aktivitets-



turismen vil kome på føring i lettare terreng der det til no ikkje har vore vanleg med føringsturar. Allereie til neste år er det planlagt nye turstigar og utsiktspunkt i Jostedalen der frittrennande vatn er ein viktig del av totalopplevinga. Det utbyggingstruga området frå Myklemyr til Krundalen vil til ei slik utnytting vere høgaktuelt.

Friluftslivbasert turisme er i sterk vekst både nasjonalt og

internasjonalt og potensialet er stort for å utvikle nye attraktive aktivitetar, også med tanke på utvida sesong og fleire heilårsarbeidsplassar. Då blir det meiningslaust og lite framtidretta med endå fleire, store naturinngrep i eit dalføre som alt har gjennomgått to store kraftutbyggingar, seinast med Breheimen-utbygginga på slutten av 1980-talet. Det er no på tide å seie eit definitivt nei til fleire naturinngrep i Jos-

tedalen. Tolegrensa er nådd og nok er nok. Ikkje berre for alle som vitjar Jostedalen men og for bygdefolket er det viktig å ha tilgang til nære turområde og kulturlandskap med rennande elvar og utan tekniske inngrep.

Naturen har eigenverd. Å redusere verdien til eit spørsmål om materielle verdiar er provoserande og tankelaust. I framtida vil fri natur bli stadig meir etterspurd. Dersom den

siste attverande vassdragsnaturen i Jostedalen blir lagt i røyrt er det eit åtak også på framtidige generasjonar og deira rett til opplevingar og aktivitetar i eit landskap som gjev livskvalitet og tilhøyrrel.

**Jostedalen Breførarlag,
Ice Troll,
Norgesguidene,
Fimbul Jostedal**